



Natås barnehage  
Sævråsvegen 250  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1192 - 15/31488

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
12.11.2015

## Vedtak om godkjenning av Natås barnehage.

### Vedtak:

Natås barnehage vert godkjent etter Lov og barnehage § 10 Godkjenning. Godkjenninga er ei stadfesting av tidlegare godkjenning etter Lov om barnehage.

Natås barnehage har eit godkjent leike- og opphaldsareal på 180 m<sup>2</sup>. Barnehagen er godkjent for 36 barn over 3 år.

Rettleiande arealnorm for barns leikeareal inne er 4 kvadratmeter netto per barn over 3 år og 5,3 kvadratmeter netto per barn under 3 år. Utearealet i barnehagen bør vere om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Utearealet i Natås barnehage er mindre enn rettleiande norm i Lov om barnehage. Dette har barnehagen kompensert ved å inngå avtale med grunneigar Øystein Natås om bruk av areal utanfor barnehagen jfr avtale datert 16.10.2015. Skulle avtalen falle vekk, må ein sjå på godkjenninga på nytt.

Tal barn i barnehagen må justerast i høve til alderssamansetjinga i barnegruppa og i høve til godkjent areal.

Rådmannen legg til grunn at Natås barnehage vert driven etter dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld for barnehagedrift.

### Orientering om enkeltvedtak:

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Enkeltvedtak kan klagast på. Klagefrist er 3 veker rekna frå den dagen de får dette brevet. Klagen skal stilast til Lindås kommune v/ Astrid N. Sylta, og den må grunngjevast. Får de ikkje medhald eller delvis medhald ved ny handsaming, vert klagen sendt til endeleg avgjerd hjå Fylkesmannen i Hordaland.



Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Natås barnehage

Sævråsvegen 250 5957

MYKING